



Det humanistiske fakultet

Referanse

2023/17962-STBØ

Dato

13.03.2024

## Studiekvalitetsmelding 2023 for FoF

Det følgjande er Institutt for filosofi og førstesemesterstudier si studiekvalitetsmelding for 2023, basert på punkta i bestillinga frå fakultetet av 21.12.2023 (2023/17962).

Studieporteføljen til FOF består av årsstudium, BA og MA filosofi, samt didaktikkemne, exphil og dei tidlegare exfac-emna. Me følgjer her tradisjonen for desse meldingane og konsentrerer oss om fagstudia.

Femårig programevaluering av bachelor- og masterprogramma vart gjennomført og begge programma vart reakkreditert i 2022. Ekstern fagfelle, Elisabeth Schellekens Dammann, leverte sin rapportar med evaluering av bachelor- og masterprogramma 2023, mellom anna på basis av samtalar ho hadde med studentar og tilsette på vitjing til instituttet hausten 2022. Rapportane var svært konstruktive og vil vere til stor hjelp i å rettleie våre innsats for å forbetre desse programma dei kommande åra. Ho sette særleg fingeren på koherens, progresjon og nivåddifferensiering

Som vanleg gjennomførte me eigenvurdering og studentevaluering av kvart emne kvart semester. Responsraten frå studentane held fram med å vere svært låg. Me har nyleg forbetra rutineane våre for å sende ut evalueringsskjema til studentane i håp om at dette vil bidra til å auke svarprosenten. Me har også innført eit årleg møte for alle som er involvert i undervising på filosofiprogramma for å supplere den årlege instituttdagen. Dette er meint å fremje samarbeid mellom lærarar og lette diskusjonar om korleis me kan forbetre undervisningskvaliteten. Fokus for det første møtet var på samanhengen mellom læringsutbytte frå bachelorprogrammet og innhaldet i programmet. Dette er også nedfelt i den nye strategiplanen til instituttet: "legge til rette for mer samarbeid mellom emneansvarlige, særleg på de obligatoriske emnene, og drive systematisk kollektiv kvalitetsutvikling».

Sjølv om svarprosenten var låg også her, vil me også nemne Studiebarometeret. Resultata for bachelorprogrammet i filosofi var svært gode, mellom anna med "Helhetsvurdering" på 4.4., som er godt over snittet for HF-fag, og godt over andre filosofi-bachelorprogram i Noreg. Spesielt gledeleg er den høge poengsummen på "Sosialt og faglig miljø". Dette har tidlegare vore eit svakheitsteikn, og me kan håpe på at det gode resultatet er teikn på at innsatsen me

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ephorte

Institutt for filosofi og  
førstesemesterstudium  
Telefon 55 58 23 82  
fof@hf.uib.no

Postadresse  
Postboks 7805  
5020 Bergen

Besøksadresse  
Christiesgt. 13  
Bergen

Sakshandsamar  
Steinar Bøyum  
55582551

har gjort har fungert. Det er ingen tvil om at me no har eit aktivt og velfungerande fagutval, og at dette har stor verdi for det fagleg-sosiale miljøet.

Instituttet har utarbeidd ny instituttstrategi, med ein eigen strategi for fagstudia. Dette dokumentet gir retning for framtidige revisjonar av studieprogramma. I tidlegare revisjonar var det lagt vekt på effektivisering/innsparing utan å redusere talet på emne. Slik kunne ein halde på breidde og valfridom for studentane, men ein kan legitimt spørje om dette gjekk ut over studiekvaliteten. Framtidige revisjonar må sjå på heilskapen i programmet, tilhøvet mellom studienivåa og tilhøvet mellom studiekvalitet og ressursbruk.

Me har allereie gjort justeringar i masterprogrammet for å tydeleggjere eigenarten til masterutdanninga og framheve sambandet mellom forskning og utdanning, gjennom å auke delen av såkalla «forskingsemne» på masterprogrammet. Til dømes er endringane i masterprogrammet meint å forbetre utdanningskvaliteten ved å auke tida studentane bruker på emne som er berre for masterstudentar. Endringane i forskingsmetodar og prosjektutviklingskurser (som no er to separate kurs) er meint å betre førebuinga til studentane for å skrive masteroppgåva, noko som forhåpentlegvis vil bidra til høgare gjennomføringsgrad innanfor normert tid. Dette er også eit eksempel på at tilbakemeldingar frå studentane blir tatt på alvor og følgt opp av endringar.

Me har vidare starta arbeidet med å revidere BA og årsstudiet i filosofi, og me har planar som me trur vil forbetre kvaliteten og redusere fråfallet på lågare grad. Sentralt står ei tydelegare oppbygging av studiet. Også her svarar dette til punkt i strategiplanen, der det heiter at FoF skal "styrke progresjonen og sammenhengen mellom emnene på fagstudiet i filosofi, med mindre grad av overlapp og større grad av differensiering mellom de ulike nivåene" og "styrke kvaliteten ved de enkelte emnene gjennom å tilby mer studentaktiv læring." Revisjonen står på vent til me ser kva resultatet av studieporteføljeprojektet blir.

Som kjend arbeider FoF med å opprette eit PPE-program. Med støtte frå Humaniorastrategien var det i 2023 ei arbeidsgruppe som utarbeidde modellar for korleis eit slikt program kan utformast. Me vonar at arbeidet med å utarbeide søknad om oppretting vil skje i 2024, med oppstart av programmet hausten 2026.

I strategien heiter det også at FoF skal "utvikle spesielt attraktive emnetilbud som også har potensial til å øke tilstrømningen av studenter fra andre fagområder og fakulteter." Derfor vil me i 2024 utarbeide eit nytt emne i *Etikk og kunstig intelligens*, som vil vere dedikert til filosofiske spørsmål kring KI. Instituttet har ikkje i dag noko eigentleg *miljø* for forskning på KI, men me har sterke fagfolk frå ulike miljø som enten arbeider med dette eller ønskjer å gå inn i det. Me trur utvikling av eit slikt emne vil ha fleire positive ringverknader for FoF og HF. Spesielt har eit slikt emne potensiale til å tiltrekke seg mange studentar, både internt på HF og ikkje minst frå andre fakultet. Emnet er ikkje tiltenkt å vere ein del av DIGI-pakka, men FoF er representert i UiB si DIGI-styringsgruppe, og dette vil vere ein plattform for rekruttering. Me har allereie nærskylde emne, innan logikk og sinnsfilosofi, som i dag er mellom våre største emne, og inngår som obligatoriske deler av bachelorprogrammet i kognitiv vitenskap. Eit filosofisk emne innan KI kan også inngå i eit framtidig PPE-program.

Studentar på både bachelor- og masterstudia møter aktuell forskning og fagutvikling på ulike tidspunkt i studia. Me legg også stor vekt på forskningsbasert undervising både på BA og MA, og, som det står i strategien, me "arbeide[r] for at alle emner blir undervist av aktive forskere på feltet." Kjerneemna på masterstudiet har også som sentrale læringsutbytte utvikling av forskingskompetanse., og desse emna har som nemnd ovanfor blitt styrka i vår siste revisjon av masterstudiet. På masterstudiet får studentane naturlegvis også omfattande rettleiing i forskingsmetodar og utvikling av forskingsartiklar og prosjektforslag.

Masterstudentar er vidare inkludert i mange av aktivitetane til dei forskingsgruppene ved instituttet. Vidaregåande bachelorstudentar er også inkludert i nokre tilfelle. Instituttet har eit månadleg forskingsseminar der tilsette og gjester frå andre institusjonar presenterer si aktuelle forskning, som er open for og ofte besøkt av bachelor- og masterstudentar. Me har òg organisert spesielle forskningsbaserte gjesteforelesingar og seminar av vitjande forskarar, særleg retta mot bachelor- og masterstudentar. Fagutvalet har begynt med «faglunsj», eit slags instituttseminar for studentar, der bachelor- og masterstudentar får høve til å presentere og diskutere sine eigne forskingsprosjekt med kvarandre. Personalet blir også invitert til å delta. I denne samanhengen er det verd å nemne at me har forbetra systemet vårt for å tilsetje undervisningsassistentar til større fordel for både bachelorstudentane (som får meir oppfølging og støtte) og masterstudentane (som får arbeidserfaring).

Bachelorprogrammet i filosofi var med i NOKUT si evaluering av arbeidslivsrelevans i disiplinfga i 2019-2020, og dette var ein nyttig prosess for oss. Det viste at noko av det viktigaste me kan gjere for å vidareutvikle arbeidet med arbeidslivsrelevans er å bevisstgjere studentane våre på den kompetansen dei faktisk har. Mange studentar har ei noko snever oppfatning av arbeidslivsrelevans, og me treng å vise dei at dei generelle og overførbare dugleikane dei får i studiet faktisk er av verdi i arbeidslivet. Me trur at me kan oppnå mykje på dette området med relativt enkle og lite ressurskrevjande middel, til dømes karrieredagar der slike spørsmål blir tematisert og diskutert. Me har allereie hatt slike økter for master- og phd-studentane, og vinteren 2023 hadde me ein paneldiskusjon på Ad Fontes om filosofiens rolle i det offentlege liv, med akademiske filosofar samt to filosofiutdanna, ein som gjekk vidare til å jobbe innan journalistikk/kommunikasjon og ein som starta si eiga verksemd. Arrangementet hadde svært god oppslutning frå studentar, og me planlegg å arrangere fleire slike arrangement regelmessig. Ein av dei to «profesjonelle» filosofane som deltok var ein besøkande som kom gjennom Erasmus+ mobilitetsordninga (Vittorio Bufacchi, University College Cork, filosof som også er sterkt involvert i lokalpolitikk i Cork, Irland).

Til sist kan me nemne at me i 2023 oppretta me eit såkalla «chapter» av det internasjonale nettverket MAP ("Minorities in academic philosophy"). Dette er eit initiativ leia av studentar som har fått sterk støtte frå instituttet, delvis fordi det vil bidra til å fremje mangfald og inkludering, noko som vil ha ein positiv effekt på læringsmiljøet.

Steinar Bøyum

Instituttleder, Institutt for filosofi og førstesemesterstudier